

Lokalavisene utviklar samfunnsrollen

Av generalsekretær Rune Hetland, Landslaget for lokalaviser

Det er ei stor glede og ære å sta framfor ei så forsamling av så flotte menneske, lokalavismedarbeidarar.

Eg ser unge vaksne som Christian frå Os og Janne frå Frosta, og så ser eg verkeleg unge som Øyvind frå Gjesdal og Kathrine frå Randaberg

og til saman den flotte gjengen som lagar lokalavisene rundt om i landet og har nokon av dei viktigaste jobbane i landet, i alle fall i dåkes eigne lokalsamfunn

Dåke har ikkje berre ein triveleg jobb som gir inntekt til livets brød og vann.....og kanskje ei pils i ny og ne.

Dåke betyr noko for mange, ja for alle i lokalsamfunnet avisa dekkjer.

Det er ikkje berre honnørord når me arbeider for gode rammevilkår eller i festtalar på eit avisjubileum framhevar kor viktige lokalavisene er,

for å halda innbyggjarane informert, for lokal kultur spesielt synleggjering av lagslivet, enkeltmenneske som kjem med eit problem og ikkje minst det kritiske journalistiske blikket som er så viktig for lokalt demokrati. Lokalavisa er limet i lokalsamfunnet.

Og meir enn det.;

Nettopp fordi Lokalavisa er den einaste reelle, seriøse lokale fellesarenaen.

Så er lokalavisa som er avgjerande kva verdiar som skal fellesskapet i dåkes lokalsamfunn skal bygga på.

Dåke set standarden for korleis samtalen tonen skal vera i det offentlege rom i dåkes lokalsamfunn.

Oj, det var då voldsomt.

Og JA, det er eit stort ansvar å laga lokalavis.

Og det ansvaret forvaltar dåke på ein svært god måte.

ALLE er meiner i at lokalavisene har hatt ei formidabel kvalitetsheving over fleire tiår. Det er eit eventyr både utviklinga for den enkelte og lokalavisene samla. At opplaget har halde seg så bra samanlikna med dei fleste andre avisgrupper viser at dåke lagar aviser innbyggjarane set pris på, er glad i og vil ha.

Men nå er altså slutten nær; i alle fall for papiravisa, er det enkelte profetar som predikar. Papiret er ut, dei unge vil berre lesa på digitale plattformer, og der vil ingen vil betala for innhald, i alle fall ikkje komande generasjonar,

får me høyra

Og JA det er utfordringar, men det er minst like mange muligheiter i framtida.

Det er ikkje teknologien som kjem til å avgjera avisenes framtid; den er berre ein reiskap. Det er forholdet til lesarane som kjem til å avgjere. Det er journalistikken; at me lagar innhald som er relevant og viktig for innbyggerane. Det handlar om korleis me løyser samfunnsansvaret.

Ein av grunnane til at lokalavisene har klart seg så godt er at me er tett på lesarane våre; me skriv om det som opptar lesarane våre i kvardagen, me tar opp saker på vegner av enkeltpersonar og grupper og viser at me bryr oss om innbyggerane og vil bidra til eit godt lokalsamfunn.

Og her er kjernen, gullet i det som er framtida.

Fordi om me gode og best av avisegruppene så kan heldigvis alle bli betre.

Gjennom det nya prosjektet LLA har starta Levande lokalsamfunn gjennom deltakande journalistikk håpar eg at me skal hjelpa kvarandre til å laga endå betre og viktigare aviser for lesarane. Me trur det er muleg å løfta journalistikken og måten å arbeida på til nye høgder.

Me trur at dei fleste lokalavisene kan ta endå større ansvar for å involvera innbyggerane i å skapa eit best muleg lokalsamfunn.

Ved å utvikla samfunnsrollen til nye høgder vil me bidra til både å skapa betre byar, byder og bydelar for alle som bur der og samtidig laga aviser som er så viktige at dei er eit must for både abonnentar og annonsørar; uansett om me snakkar om papir eller digital publisering.

Det siste året har me arbeidd mykje med å utvikla det teoretiske og journalistfaglege grunnlaget for ein norsk modell av Public journalism eller deltakande journalistikk som me har valt å kalla det.

Her har Roar Osmundsen, frå Søgne og Songdalen Budstikke gjort ein kjempejobb; han er vår eigen ideologiske profet på området. Har du Roar sett lyset når det gjeld muligheitene du ser for lokalavisene når det gjeld å ta i bruk deltakande journalistikk?gav ordet til Roar Osmundsen.